

#nyedata

Kommunal organisering 2016, kommune og fylkesfil (NIBR)

Arbeidskraftundersøkelsen, 4. kvartal 2016

Arbeidskraftundersøkelsen, 1. kvartal 2015 – 4. kvartal 2016 (panelfil)

Levekårsundersøkelsen EU-SILC 2016 (SSB)

Lærevilkårsmonitoren, tilleggsundersøkelse til AKU 1. kvartal 2015 (SSB)

Lærevilkårsmonitoren, tilleggsundersøkelse til AKU 1. kvartal 2016 (SSB)

Tilleggsundersøkelse om funksjonshemming til AKU 2. kvartal, 2011, 2012, 2013, 2014, 2015 og 2016 (SSB)

Leiemarkedsundersøkelsen 2016 (SSB)

Studiebarometeret 2016 (NOKUT)

Nye data for 2016 om studietilbud, studenter og doktorgrader ved universiteter og høyskoler

Årsregnskap for 2016 fra universiteter, høyskoler, fagskoler, NOKUT og SIU

Internasjonale studenter i Norge (2016)

Data kan bestilles eller lastes ned fra nsd.no

Følg NSD på Twitter @NSDdata #nyedata

DELING AV FORSKINGSDATA I NORDEN:

Ny lov om personvern i EU opnar dører for nordisk forskning

Noreg, Sverige, Danmark, og Finland. Tre EU-land og eitt EØS-land. EUs nye forordning for personvern blir gjeldande i alle landa. 25. mai 2018 legg eit samlande lovverk nye føringar på korleis personopplysningar kan brukast og ikkje brukast mellom anna til forskning. Fram mot den datoen skal landa tolke, tilpasse og utforme lovverket innan nasjonale rammer.

Eit norsk initiativ, med NSD i spissen, tar sikte på å bidra til betre nordisk samordning av lover og reglar for bruk av persondata i forskning. Noreg har formannskapet i Nordisk Råd i 2017.

– Med dette har dei nordiske landa ei opning for å samordne regelverk og praksis. Ei nordisk samordning kan gjere det lettare å dele data i Norden, også registerdata. Samstundes kan vi sørge for at vi unngår utvating av vilkåra som forskarane er gitt. I sum kan det skape meir forskning på tvers av landegrensar. Sett med forskarauge er det på mange måtar ei gunstig reform vi har fått på bordet frå EU. Forordninga tar i utgangspunktet vare på og til dels styrkar viktige unntak som gjer det mogleg å nytte personopplysningar til forskning, seier avdelingsdirektør i NSD, Vigdis Kvalheim.

Den nordiske modellen

Å implementere handlar ikkje berre om å forsvare. Det gir også rom for å forsterke.

– Dersom dei nordiske landa går saman, vil det styrke alle. Dei nordiske landa har alt

eit utstrekt samarbeid og mykje til felles. Når det gjeld registerdata har Norden einestående ressursar i internasjonal samanheng. Derfor er det naturleg at vi saman teiknar opp ei felles ramme for korleis regelverket skal tolkast og praktiserast i forskninga. Dette kan ha stor betydning blant anna for medisinsk forskning, seier Kvalheim.

NSD leier prosjektet, som forutan NSD inkluderer SND (Svensk Nationell Data-tjänst), DDA (Dansk Data Arkiv) og FSD (Finlands samhällsvetenskapliga dataarkiv). Med utgangspunkt i ei felles arbeidsgruppe er målet å kartlegge konsekvensane av EU-lovgivinga og framfor alt – sjå kva nye moglegheiter som opnar seg.

Det viktigaste gruppa skal gjere er å analysere områder der regelverket i dag er ulikt eller blir praktisert på ein måte som hindrar deling av data på tvers av landegrensene. Målet er å bidra til ei harmonisert innføring av EU-forordninga i dei nordiske landa både i lovtekst og i praksis. Dette kan fjerne barrierar og legge grunnlaget for samordning i forskninga.

Grenselaust

Fram mot utgangen av 2017 skal sentrale aktørar trekkast inn i arbeidet. Forskarar, dataprodusentar, etikk-komitear med fleire vil kome med sine innspel om kvar skoen trykker.

– Vi skal sjå moglegheitene og slik styrke det nordiske fellesskapet for forskning, seier Kvalheim.

Arbeidet skal munne ut i tilrådingar til Nordisk ministerråd og styresmaktene i landa for korleis ein best kan få til ei samordning. EU-forordninga legg opp til ei vidareføring av dei forskarvennlege lovene for bruk av personopplysningar som alt eksisterer i dei nordiske landa. Men ulike tolkingar og praksis innanfor kvart land kan stikke kjeppar i hjula for meir og enklare deling av data, som er eit forskingspolitisk mål både i EU og Norden.

– Målet må vere eit Norden utan grenser for forskinga. Greier vi å få til ei harmonisering, kan dette gi store gevinstar for forskarar i dei nordiske landa i form av tilgang til data på tvers av landegrenser, seier Kvalheim.


OECD: Felles lover er ikkje nok

Nye former for data kjenner ingen landegrenser. Meir internasjonalt samarbeid og harmonisering av både lover og etiske prinsipp må til, ifølgje ein OECD-rapport.

Forskning med nye former for data fører til nye etiske utfordringar. I omgrepet «nye former for data» ligg data som er samla for andre føremål enn forskning, mellom anna såkalla administrative data eller registerdata. Det dreier seg dessutan om data samla frå dei


digitale spora folk legg etter seg på nettet kvar dag, for eksempel når dei les avisa eller kjøper mjølk. Dette er ofte data som blir brukt kommersielt, men som også kan vere verdifulle data i forskning. Korleis juridiske, politiske, økonomiske og etiske forhold skal handterast i denne samanhengen er i stor grad uklart – nettopp fordi dette er nye former for data. Rapporten frå OECD tar opp denne problematikken og ønskjer at vi startar med

Dagleg legg folk digitale spor etter seg på nettet



Mitt NSD

LINE SYNNØVE BYSTRØM, finansøkonom. Brukte data fra NSD/Levekårsundersøkelsen (SSB) i masteroppgave ved NTNU.



Jeg har brukt data fra NSD til masteroppgaven i finansiell økonomi, som jeg skrev sammen med medstudent Synne Almaas.

Den handler om husholdninger som refinansierer boliglån for å ta ut pengene som forbruk. Utgangspunktet var funn fra USA fra før gjeldskrisen. De viste at de som refinansierte boliglånene, var de som fikk størst problemer da krisen kom. Norge har svært høy gjeldsvekst, over 200 prosent av de disponible inntektene. Vi ville finne ut om den samme effekten gjaldt i Norge. Og det fikk vi bekreftet. Refinansiering av boliglån er en betydelig bidragsyter til den høye gjeldsbelastningen. I en artikkel vi senere skrev basert på oppgaven fant vi at de som tar ut penger på denne måten, er de som oftest får betalingsproblemer. Vi ble tipset om NSD av SSB. Det var veldig lett å finne frem i datasettene, og jeg var imponert over responstiden hos NSD!

etikken. Teknologien er i stadig utvikling, og lover og regler er ikkje tilpassa dette. Nye former for data er så komplekse at grunnleggande filosofiske og etiske prinsipp må takast opp og vurderast på nytt. I sin tur bør etiske prinsipp føyast til juridiske rammer i lovene, som skal regulere databruken. Rapporten peikar på at lover ikkje er nok. Medan lovene slår fast kva ein ikkje kan gjere, er etikken meir retta mot kva ein bør gjere.

Det er stor variasjon mellom regelverka i ulike land i dag. Noreg er blant landa som alt har omfattande lover og etiske rammer på plass, langt på veg i tråd med anbefalingane i rapporten frå OECD. Rapporten anbefaler mellom anna dataarkiv, finansieringsinstitusjonar og forskarar å dele kunnskap, erfaringar og såkalla mønsterpraksis (best practice), for å etablere og vedlikehalde trygge rammer for deling av data.

OECD (2016), "Research Ethics and New Forms of Data for Social and Economic Research", OECD Science, Technology and Industry Policy Papers, No. 34, OECD Publishing, Paris.
<http://dx.doi.org/10.1787/5j1n7vnp32-en>

EU's personvernforordning

- EU vedtok i 2016 ei forordning som i mai 2018 skal erstatte personvern-direktivet frå 1995.
- Målet er å harmonisere lovverket i EU/EØS og tilpasse det ein digital tidsalder.
- Samstundes skal individets rettar i tilknytning til personopplysningar styrkast.

Nytt felles, nordisk register

En ny skytjeneste skal gi et felles nordisk kanal- og publikasjonsregister. NSD drifter og administrerer fra før to registre knyttet til vitenskapelig publisering, Register over publiseringskanaler og ERIH PLUS. Begge inneholder flere tusen forskningstidsskrifter, bokserier og forlag fra ulike deler av verden. Nå koordinerer NSD et samarbeid mellom de nordiske landene med sikte på å etablere et felles nordisk kanalregister, lagt opp som en felles skytjeneste.

Første fase

– Foreløpig er det lagt opp til at registeret etter første utviklingsfase skal bestå av søke- og oversiktsmodul over kanaler i Norden, med informasjon fra registrene i Finland, Danmark og Norge. Utviklingsarbeidet er i gang hos NSD og vil fortsette ut 2017, sier seksjonsleder ved NSD, Kristin Gåsemyr.

Representanter fra Norge, Finland, Danmark og Sverige deltar i en arbeidsgruppe som gir råd om utvikling av skytjenesten, som utføres av NSD. En utvidet styringsgruppe favner om hele Norden, der også Island, Grønland og Færøyene er representert, i tillegg til NordForsk som observatør. NordForsk støtter prosjektet økonomisk. Gruppen skal arbeide med tilpasning av vitenskapelige kriterier og rangeringssystemer.

Reduserer saksbehandling

– Målet er å redusere saksbehandlingsmengden og høyne kvaliteten i alle de nordiske landenes registre, sier Gåsemyr.

Også det norske formannskapsprogrammet i Nordisk ministerråd bidrar med støtte til samarbeidet om skytjenesten.

NYTT OM UTDANNING


Kvar femte stilling i høgere utdanning er mellombels. 2016 var eit rekordår for studentutveksling. Bioingeniør-studentane strøymar til Ålesund. Dette er litt av det som kan lesast ut av den ferske statistikken (2016) om høgere utdanning i Noreg som no er tilgjengeleg frå NSD. Database for statistikk om høgere utdanning (DBH) blir driven av NSD. Her finst mellom anna data knytt til studentar, doktorgradar, publisering, økonomi, internasjonalisering, bibliotek og universitetsmuseum. Datatilbodet er tilgjengeleg for alle og særleg brukt av forvaltning, presse og forskingssektoren. nsd.no/dbh

CRONOS: ET FLERNASJONALT WEB-PANEL

NSD har en sentral rolle i det banebrytende prosjektet CRONOS (CROSS-National Online Survey). Målet er å teste mulighetene for å bygge opp et flernasjonalt internettpanel basert på sannsynlighetsutvalg. Datainnsamlingen og utvalget skal administreres på tvers av landegrensar ved hjelp av et sentralt system drevet av NSD. Respondentene blir rekruttert i forbindelse med de personlige intervjuene som utføres i ESS (European Social Survey). Rekrutteringen og datainnsamlingen foregår i tre land: Estland, Slovenia og Storbritannia. NSDs driver paneldatabasen, setter opp spørreskjemaene og er ansvarlig for utsendelser og purringer på i alt seks undersøkelser i løpet av et år. NSD er også dataarkiv for prosjektet. CRONOS er en del av prosjektet «Synergies for Europe's Research Infrastructures in the Social Sciences (SERISS)» som er finansiert av EU (Horizon 2020).

NORDi: NY TJENESTE FOR Å DEPONERE DATA

NSDs nye tjeneste gjør det enklere å deponere og levere data for alle typer forskningsprosjekt. Den nye tjenesten har en enkel *drag-and-drop* funksjon der relevante datafiler og dokumentasjonsfiler kan lastes opp. Innlogging til tjenesten blir gjort gjennom Feide, Felles Elektronisk IDentitet, som er Kunnskapsdepartementets valgte løsning for sikker identifisering i utdanningssektoren. Tjenesten utvikles i NSD NORDi, som skal gjøre det enklere å finne, bruke og dele data.



Se og bli sett – del dine data



GUNN SAMDAL

Gunn Samdal er spesialrådgiver ved NSD

Tradisjonelt er forskere vant til å tenke: «publish or perish». Publikasjoner er det som synliggjør din verdi som forsker, som kandidat til fast stilling eller mottager av prosjektmidler. Men bak enhver vellykket publikasjon står kildedata som tradisjonelt ikke er gjenstand for tilsvarende anerkjennelse i forskerens insentivsystem. Den raske teknologiske utviklingen har imidlertid gjort det mulig å endre hvordan forskning gjøres og resultatene deles, og på politisk nivå stilles det i økende grad krav om å dele forskningsdata. For eksempel krever EU (H2020) at data skal gjøres tilgjengelig i kvalitetssikrede arkiv «as open as possible, as restricted as necessary» fra 2017.

For å dele dataene må de være godt strukturert, dokumentert og trygt arkivert slik at de er gjenfinnbare og forståelige for flest mulig. De må også være tilgjengelig så åpent som mulig, innenfor regelverket.

Hvorfor skal forskeren sette av tid til dette, når hun allerede drukner i krav om å skrive søknader, skrive papers til konferanser, vurdere andres konferansebidrag og veilede studenter? Og når det eneste hun egentlig vil er å forske mer?

Fem grunner til å dele:

Synlighet. Ved NSD får arkiverte datasett en «hjemmeside» og tildeles en DOI (Digital Object Identifier) som gjør forskningsdata enkelt siterbare. Med DOI-en følger også nøkkelinformasjon om dataene; slik synliggjøres både forskeren, prosjektet og selve dataene. Gjennom den sporbare DOI-en blir det også lett å vise hvor mange ganger datasettet er delt, sitert og brukt.

Dokumentasjon. Hvilken forsker kan fremdeles huske detaljdokumentasjon fra et prosjekt som ble avsluttet for fem år siden? God struktur og dokumentasjon sikrer ikke bare at andre kan lese og bruke dataene om fem år – det hjelper også forskeren selv til det samme. NSD har erfaring med datadokumentasjon og hjelper forskeren å bevare relevant informasjon.

Sikkerhet. Å arkivere i et sertifisert arkiv gir forskeren trygghet: Dataene er sikkert lagret, uansett om laptopen krasjer eller minnepinnen forsvinner.

Integritet og tillit. Å synliggjøre kildedata gir forskeren integritet, fordi det åpner for å etterprøve resultatene. Kvalitetssikret arkivering som garanterer at dataene forblir urørt forhindrer dessuten manipulering av data. Dette gir i sin tur mer transparent forskning og tillit.

Nettverk. Å dele data kan åpne nye dører. I 2015 ble det slått stort opp at en lingvist og en samfunnsviter publiserte i et Nature-tidsskrift.¹ To faktorer ga denne suksessen: ny metode og nye data. Disse forskerne hentet sine data gjennom Medborgerpanelet (arkivert ved NSD), hvor de la inn et åpent spørsmål: «Hva tenker du når du hører eller leser ordet 'klimaendring'?» For å strukturere de over 2000 egenformulerte svarene, brukte forskerne emnemodelleringsmetoder fra språkforskning. Den tverrfaglige kombinasjonen av metoder, faglig innsikt og data ga forskerne helt ny innsikt i nyanser ved hvordan folk tenker rundt klima, som ingen har funnet frem til tidligere.

Får opplæring

Men forskere kan ikke forventes å dele sine data på slutten av forskningsprosjektet sitt uten opplæring i hvordan. Forskningsmiljøene trenger systematisk opplæring for å kunne bygge en kultur for, og kompetanse til, å dele. Gjennom prosjektet NORDi skal NSD jobbe for å fjerne forskernes hindre for å dele forskningsdata: Det skal ikke ta lang tid å dele eller finne forskningsdata. Det skal ikke være komplisert. Og det skal være naturlig og nødvendig, ikke bare fordi forskningspolitikken legger føringer, men fordi det tjener forskerne, i dag og i fremtiden.

¹ <http://pahoyden.no/2015/06/lingvist-og-samfunnsvitar-i-nature-tidsskrift>

Ansvarlig redaktør

Bjørn Henrichsen

Redaktør

Njord V. Svendsen

Design

Geir Goosen

NSD

NORSK SENTER FOR
FORSKNINGSDATA

NSD er nasjonalt arkiv for forskningsdata og et av verdens største i sitt slag. Samler inn, arkiverer og formidler data til forskning og forvaltning. Gir råd til forskere og studenter om datainnsamling, dataanalyse, metode, personvern og forskningsetikk.

#kaldefakta

Følg NSD på Twitter @NSDdata

TNS Gallup AS, 1973:

President Nixon har besøkt Kina og Sovjet-Russland. Mener De at disse besøkene har bidratt til å redusere krigsfaren i verden?

Nei 34 %

Ja 66 %